



ROVVILTNEMNDEN I REGION 1

Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane

Rovviltnemnda region 1 (epost)

Dykkar ref:

Vår ref.:
2013/886

Arkivnr.:
433.52

Dato:
12.08.2013

Innkalling til møte i rovviltnemnda region 1 - 28. august 2013

Det blir møte i rovviltnemnda 28. august på Quality hotell i Sogndal 28.08.2013. Ordinært møte startar kl 12.00. Før det er det sett av tid til innspel frå organisasjonane kl 10.30 og fram til lunsj.

Vi ber om at ordinære medlemmar som ikkje kan møte gjev beskjed til sekretariatet så snart som råd, slik at vi kan ta kontakt med vararepresentant. Innkallinga blir lagt ut på vår heimeside www.fylkesmannen.no/rogaland og på rovviltforvaltinga sine sharepointsider.

Sakliste:

Sak 09/13: Orientering om tap av beitedyr og førekomst av freda rovvilt mot slutten av beitesesongen. Resultat av eventuell skadefelling.

Sak 10/13: Jakt på gaupe i regionen i 2014. Vedtak om eventuell kvotefri jakt.

Sak 11/13: Lisensfelling av jerv og eventuelt ulv i regionen i 2013/2014. Vedtak om kvotestørleik, fellingsområde og andre vilkår.

Sak 12/13: Forslag frå MD om endring av rovviltforskrifta på høyring: Forvaltingsområdet for ynglande ulv. Eventuelle innspel til forslaget innan 1. oktober i år.

Sak 12/13: Innlegg frå DN om forvaltning på tvers av regiongrensar, jf protokoll frå møte 29.05.2013.

Sak 13/13: Revisjon av forvaltingsplanen. Gjennomgong av innspel etter høyring og forslag til revidert tekst. Dersom nemnda vil gjere endringar i planframlegget må sekretariatet få klåre føringar for vidare arbeid. Hvis planen ikkje blir vedteke på møtet må nemnda ta stilling til om det bør bli eit møte før mars 2014 for endeleg vedtak.

Sak 14/13: Ymse

Postadresse:
Rovviltnemnda i region 1
c/o Fylkesmannen i Rogaland
Miljøvernavdelinga
Postboks 59
4001 Stavanger

Leiar for rovviltnemnda:
Noralf Distad
Postboks 53, 5741 Aurland
Telefon: 91374976
noralf.distad@sfj.no
<http://www.fylkesmannen.no/rogaland>

Sakshandsamar:
Anders T. Braa, viltforvaltar
Telefon: 51568914
anders.braa@fmro.no

Med helsing

Noralv Distad
leiar rovviltnemnda region 1

Vedlegg:

- Høyring på forslag om endring av rovviltforskrift frå MD
- Uttale til endringsforslag frå Fylkesmannen i Rogaland
- Forslag til revidert forvaltingsplan for region 1
- Oppsummering av innspel frå høyring på forvaltingsplan
- Uttale frå Mattilsynet
- Uttale frå NJFF, Vest-Agder
- Fellesuttale frå bondelaga og sau- og geit i region 1
- Uttale frå Fylkesmannen i Vest-Agder
- Uttale frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
- Uttale frå Hjelmeland kommune
- Uttale frå rovviltnemnda region 2
- Uttale frå rovviltnemnda i region 3
- Uttale frå NJFF Sogn og Fjordane

Kopi (epost) med vedlegg:

- Fylkesmannen i Vest-Agder v/Tor Punsvik
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane v/Hermund Mjelstad
- Fylkesmannen i Hordaland v/Jørgen Aarø
- Mattilsynet Hordaland og Sogn og Fjordane v/Trude Lien
- Mattilsynet Agder og Rogaland v/Marit Ladegaard Manhencke
- SNO v/Rein Arne Golf
- SNO v/Jon-Erling Skåtan
- Sogn og Fjordane bondelag v/Merete Støfring

Vedlegg 1

Saksframlegg frå sekretariatet

Sak 09/13:Orientering om tap av beitedyr og førekomst av freda rovvilt mot slutten av beitesesongen. Resultat av eventuell skadefelling.

Orientering frå SNO og aktuelle fylkesmenn.

Sak 10/13:Jakt på gaupe i regionen i 2014. Vedtak om eventuell kvotefri jakt.

Politiske føringar og lovverk

Desse dokumenta er lagt til grunn for saksframlegget:

- St.meld.nr. 15 (2003-2004) Rovvilt i norsk natur
- Innst.S.nr 174 (2003-2004)
- Lov av 19.06.2009 nr 100. Lov om forvaltning av naturens mangfold
- Forskrift av 19.03.2005 Om forvaltning av rovvilt
- Forvaltningsplan for rovvilt i Region 1, revidert i 2009
- Data frå overvakingsprogram for rovvilt
- Rovviltforliket i Stortinget, Dokument 8:163 S(2010-2011) av 16.06.2011

Saksopplysningar

MD sitt brev av 22.10.2009 sett krav om at vedtak om gaupejakt må gjerast innan månadskvartet november/desember året før av omsyn til klagesakshandsaminga. Etter sekretariatet sin oppfatning ligg det føre tilstrekkeleg informasjon til å gjere vedtak om dette allereie no.

Siste bestandsestimat for gaupe i landet går fram av NINA rapport 960 (2013). I 2013 er det før jakt estimert 54 - 59 familiegrupper, som tilsvarar ein bestand på 320 - 349 dyr i landet. 77 gauper blei felt i kvotejakta i landet i år, 4 av desse i Vest-Agder. Nasjonalt bestandsmål er 65 familiegrupper, som eit gjennomsnitt for siste 3 års registreringar. I 2011 og 2012 var estimatet for desse åra 74 og 69 ynglingar.

I Region 1 er det ikkje krav om årlege ynglingar, og nemnda vil difor alltid ha mynde til å vedta gaupejakt. Etter rovviltforskrifta skal gaupejakta vere kvoteavgrensa, men det kan gjerast unnatak ved å fastsette kvotefri jakt i visse høve, jf forvaltningsplanen. Rovviltnemnda har i fleire år vedteke kvotefri jakt på gaupe i heile regionen. Jakttida er i februar og mars månader.

Vurdering

Trass i mangel på registreringar av familiegrupper, finst gaupe spreidd fleire plassar innafor regiongrensa. Bestanden er over bestandsmålet, sjølv om den er i reduksjon. Sekretariatet vil rå til å halde fram med kvotefri jakt i heile regionen.

Framlegg til vedtak

1. Rovviltnemnda opner for kvotefri jakt på gaupe i heile Region 1 i 2014. jakttid er 1. februar til 31. mars. For utøving av jakta gjeld reglane i viltlova med tilhøyrande forskrifter.

2. Felling eller forsøk på felling skal så snart som råd meldast til Fylkesmannen.

Felte dyr skal dessutan framsynast til Statens naturoppsyn for prøvetaking m.v. med opplysning om kjønn, alder, tidspunkt for felling og fellingsstad.

3. Fangst av gaupe skal utøvast etisk forsvarleg og i samsvar med reglane for bruk av fangstredskap. Bruk av fangstredskap krev godkjenning frå Fylkesmannen.

4. Rovviltnemnda kan til ein kvar tid gjere om vedtaket dersom ny informasjon ligg føre.

Sak 11/13: Lisensfelling av jerv og eventuelt ulv i regionen i 2013/2014. Vedtak om kvotestørleik, fellingsområde og andre vilkår.

Politiske føringar og lovverk

Tilsvarande som under sak 10/13. Sjå og årsrapport frå rovdatabase til Miljødirektoratet på <http://www.rovdata.no/Rapporter.aspx>.

Saksopplysningar

Lisensfellingsperioden for jerv er 10. september til 15. februar. Det er ikkje nasjonale mål om ynglingar av jerv eller anna rovvilt i Region 1. Rovviltnemnda har difor alltid mynde til å kunne vedta kvote for lisensfelling etter rovviltforskrifta §7. I Region 1 er det store beiteinteressar, og tiltak mot rovviltskade vil i stor grad vere ulike former for felling. Stortinget har seinast i rovviltforliket frå 2011 understreka at lisensfelling skal vere viktigaste reiskap for felling.

Det er likevel slik at også i Region 1 skal ein ta omsyn til nasjonale mål for jerv. Difor er det og krav om fastsetting av kvote. Rovviltnemnda skal legge til grunn data frå nasjonalt overvakingsprogram, SNO sin dokumentasjon av førekomsten av jerv i Region 1 og tilgrensande område i spesielt Region 3, og skadesituasjonen ved vedtak om lisensfelling på jerv (jf forvaltingsplanen pkt 8.7). Miljøverndepartementet har i handsaming av klagesaker streka under på at ”*prinsippet om arealdifferensiering ikke er ensbetydende med at områder som er prioritert til beitebruk til enhver tid skal være frie for rovvilt, eller at beitedyr skal utelukkes i områder hvor rovdyr gis prioritet.*”

Rovviltforliket gjentar regjeringa si hovedprioritering av lisensfelling som hovedregime for uttak av jerv. Ekstraordinære uttak skal haldast så låge som råd. Samstundes er det sagt at ”*i de tilfeller der lisensfelling ikke gir tilfredsstillende uttelling, skal miljøforvaltningen så langt det er mulig sørge for at resterende kvote tas ut i de områdene lisensfelling kvote er gitt. Uttak i det som av rovviltnemndene er definert som prioriterte beiteområder i de enkelte regionene blir prioritert.*” Region 1 er fullt ut definert som prioritert beiteområde.

Det nasjonale overvakingsprogrammet (rapport til DN av 29.05.2013) estimerer ein gjennomsnittleg bestandstorleik siste 3 år for jerv på 52 overlevande ynglingar i landet. Tal frå 2013 er ikkje med i dette estimatet. Pr 27.06 i år er det registrert 40 ynglingar i landet.

46 jerv er tatt ut i landet etter løyve til skadefelling i 2013 pr 27.06., fleire av desse som hiuttak. 57 jervar er felt i lisensfelling.


Ingen jerv blei felt på lisensfelling i sesongen 2012/2013 i region 1 av ei kvote på 5 dyr. Sidan desember 2013 er det tatt ut 3 jervar på ekstraordinær skadefelling i regionen, alle i Sogn og Fjordane. Jervebestanden i landet ligg over nasjonalt bestandsmål.

Erstatningsoppgjeret for tap av bufe til rovvilt går fram av tabellen under i form av tal tapte sau og lam som det er utbetalt erstatning for etter beitesesongen 2012. Til saman gjeld det 792 sau og lam.

	Gaupe	Jerv	Bjørn	Ulv	Kongeørn	uspesifisert
Sogn og Fjordane	24	34	0	0	56	46
Vest-Agder	0	0	0	405	53	13
Hordaland	0	0	0	0	37	0
Rogaland	0	44	0	0	81	0

Sekretariatet si vurdering

I følge Rovbase er det ikkje dokumentert tap til jerv i regionen pr 07.08 i år. Det er likevel typisk at dei fleste jervskadar oppstår i slutten av beitesesongen, frå midten av august. I Oppland og Møre og Romsdal er det 7 ynglehi i år. Dei næraste er om lag 50 km i luftline frå Sogn. Jerv er dokumentert på sporsnø i Suldal, Rogaland i år, og det er funne DNA av 2 jervar i Sogn i år som truleg ikkje er tatt ut. Etter mange ekstraordinære uttak i særleg i Sogn og Fjordane dei seinare åra er det lite jerv igjen i regionen. Tap som skuldast jerv var og svært låge i 2012. Det er heller ikkje auke i bestanden den sørvestlege delbestanden, slik det er i områda lenger nord i landet.



Kartet syner dokumenterte og antatte ynglingar pr 27.06.2013. Mørk farge syner forvaltingsområder for jerv i regionane 3, 5 og 6.

På den eine sida er det viktig å ha ei tilstrekkeleg kvote for å kunne ta ut jerv på lisensfelling. Det gjeld både dei få dyra som framleis kan tenkast å ha fast tilhald innafor regionengrensa, men ikkje minst dyr som nyttar grenseområde mot Oppland og kanskje og Agder/Telemark. Jerven sin vandringskapasitet og utfordringa med å framskrive situasjonen fram til midten av februar gjer det vanskeleg å gje råd om ei talfesta kvote. SNO sin statusrapport på møtet vil vere nyttig.

På den andre sida tilseier røyntslene med lisensfelling at få dyr blir tatt ut i Region 1. Uttaket varierer mellom 0 og 1 dyr pr sesong. Restkvoten blir difor stor, og etter teksten i rovviltforliket kan ein få ein overdreve forventning om at restkvotene blir i større grad enn tidlegare styrande for DN sine prioriteringar av ekstraordinære uttak. Truleg må prioriteringa ta utgangspunkt i aktuell førekomst og skadepotensiale ved vedtakstidspunktet. Kvotefastsetting er uttrykk for eit maksimalt forsvarleg uttak, der førekomst og skadepotensiale blir vurdert opp mot bestanden si evne til overleving på lang sikt.

Sjølv om førekomsten av jerv tilsynelatande er meir spreidd enn før, vurderar vi sjansen for innvandring framleis som størst i Indre Sogn. Det er fram til no lite som tydar på at observasjonane i sørleg del av regionen er meir enn eitt individ.

Framlegg til vedtak

1. Rovviltnemnda opnar for lisensfelling av jerv i perioden 10.09.2013 – 15.02.2014.

*Til saman kan det fellast **4 jervar** i heile Region 1. Irregulær avgang eller skadefelling gjennomført etter nemnda/DN sitt vedtak blir belasta kvoten.*

2. Desse bestemmelsane gjeld for lisensfellinga:

- Oppdatert informasjon om kvote blir lagt ut på tlf. 51568900. Alle jegerar pliktar å halde seg orienterte om kvoten som er att.

- Felt dyr skal straks meldast til Fylkesmannen og kommunen. Felt dyr skal synast fram for Statens Naturoppsyn for kontroll. Den som skyter på jerv utan at han blir felt plikter å melde frå straks til Fylkesmannen, kommune og politi. Fylkesmannen avgjer korleis det vidare ettersøket skal gjennomførast.

- Hagle og rifle er tillatt ved lisensfelling på jerv. Sjå elles viltlova sine bestemmelsar for mellom anna utøving av jakt, felling og fangst (forskrift av 22.mars 2002, sist endra 16.05.2012).

- Det er høve til bruk av bås til fangst av jerv dersom det etter søknad blir gitt løyve til det av Fylkesmannen.

- Det er ikkje høve til å nytte snøskuter.

- Lisensfelling er knytt til eigedomsretten til jakt og fangst. Løyve frå jaktrettshavar til lisensfelling er difor naudsynt.

- Fylkesmennene administrerer lisensfellinga

Lisensfelling av ulv

Pr 01.07 i år er siste ulveobservasjon i Vest-Agder 07.02 i Sirdal. Denne blei truleg skote i Vestfold. Seinaste observasjon i Aust-Agder er frå 28.03 i Froland, 30 km frå grensa mot Vest-Agder. I Sogn og Fjordane er det to usikre observasjonar av ulv frå 09.05 i år. Det er ikkje registrert tap til ulv i regionen i år (Rovbase).

Vi vil difor ikkje rå til å vedta lisensfelling av ulv i region 1 slik situasjonen er no. Spørsmålet kan eventuelt takast opp på nytt på telefonmøte eller tilsvarende dersom situasjonen skulle endra seg. Lisensfellingsperiode for ulv i vår region er frå 1. oktober til 31. mars.

Sak 12/13: Forslag frå MD om endring av rovviltforskrifta på høyring: Forvaltingsområdet for ynglande ulv. Eventuelle innspel til forslaget innan 1. oktober i år.

Saksopplysningar

Høyringa gjeld alternative forslag om endringar i rovviltforskrifta, sjå vedlagt brev av 18.06.2013. Frist for uttale er sett til 01.10.2013. I korte trekk ber MD om synspunkt på utvalet sine forslag om soner for forvaltning av ulv:

- Fleirtalet i utvalet vil halde fram med ei nasjonal ulvesone.
- Fleirtalet foreslår at sona ikkje blir utvida.
- Utvalet foreslår at delar av eksisterande ulvesone blir tatt ut.

Sekretariatet sin vurdering

Rovviltnemnda tar stilling til om det skal skrivast uttale til forslaget, og kva innhaldet skal vere. Uttalen kan skrivast av sekretariatet dersom det er ønskeleg. Uttalen sendast i så fall etter godkjenning av leiar av nemnda. Forslaget frå MD og fylkesmannen i Rogaland sin uttale er vedlagt.

Sak 12/13: Innlegg frå DN om forvaltning på tvers av regiongrensar, jf protokoll frå møte 29.05.2013.

Saka går ut etter at det blei klårt at Miljødirektoratet ikkje stiller på dette møtet (DN og Klif blei slått saman til Miljødirektoratet 1. juli i år).

Sak 13/13: Revisjon av forvaltingsplanen. Gjennomgong av innspel etter høyring og forslag til revidert tekst. Dersom nemnda vil gjere endringar i planframlegget må sekretariatet få klare føringar for vidare arbeid. Hvis planen ikkje blir vedteke på møtet må nemnda ta stilling til om det bør bli eit møte før mars 2014 for endeleg vedtak.

Saksopplysningar

Vedlagt innkallinga er alle uttalar til høyringsutkastet og framlegg til revidert forvaltingsplan. Oppsummering av uttalane er vedlagt som vedlegg 2 i dette dokumentet.

Framlegg til vedtak

Rovviltnemnda vedtar planforslaget slik den ligg føre. Sekretariatet slutthandsamar utforming av planen, og sender den til fagleg gjennomgong i Miljødirektoratet. Etter eventuelle naudsynte rettingar blir planen lagt ut på heimesida til Fylkesmannen i Rogaland. Relevante organisasjonar og styresmakter får tilsend lenke til dokumentet pr epost.

Sak 14/13: Ymse

Rovviltnemnda må vurdere møteplan for 2014, eventuelt behov for fleire møter i 2013.

Jakt og fiskesenteret på Flå planlegg på oppdrag av Miljødirektoratet eit ope 2-dagers seminar om rovviltforvaltning for region 1 i oktober- november i år.

Overvaking av kongeørn skal i følge Rovdata vere godt i gang. Vi har etterlyst informasjon om dette for våre område i Lund og Voss.

Anders Braa
for sekretariatet

Vedlegg 2:

Oppsummering av høyring på revidert forvaltingsplan for rovvilt i region 1

Desse har gitt uttale til planutkastet: Mattilsynet, regionkontoret Hordaland og Sogn og Fjordane (Mattilsynet), Norges jeger – og fiskerforbund – Vest-Agder (NJFF-VestAgder), fellesuttale frå bondelaga og Sau og geit i alle fylka i region 1 (Fellesuttalen), Fylkesmannen i Vest-Agder (FMVA), Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (FMSF), Hjelmeland kommune, rovviltnemnda region 2, rovviltnemnda region 3 og NJFF Sogn og Fjordane.

I oppsummeringa under er det referert til kortforma for uttalepartane i parentes. I oppsummeringa er det berre ein skilde viktige innspel som er tatt inn, og som sekretariatet vil kommentere særskilt. Vi gjer samstundes merksam på at fleire endringar allereie er tatt inn i høyringsutkastet etter invitasjon til innspel til planutkastet i fjor sommar.

Kap 3.

Innspel

Fellesuttalen, Mattilsynet og FMSF vil alle at minst denne delen av punkt 2.2.19 i rovviltforliket skal siterast direkte i planen: *I prioriterte beiteområder skal uttak av dyr som gjør skade på beitedyr gjøres raskt, og i slike områder skal miljøforvaltningen i større grad enn i dag bidra til å effektivisere slikt uttak, uavhengig av om bestandsmålet er nådd.*

Det skal ikke være rovdyr som representerer et skadepotensial i prioriterte beiteområder for husdyr og kalvingsområde for tamrein.

Fellesuttalen peiker på at dette er grunnlaget for forvaltinga i region 1. FMSF stiller spørsmålet om planen si formulering om at det *ikkje er mål om ynglingar i region 1* bør byttast ut med siste setning i sitatet over.

Kommentar frå sekretariatet

Vi syner til MD sitt brev av 25.08.2011 der det mellom anna går fram at all felling skal vere i samsvar med naturmangfaldlova §18. Felling i prioriterte beiteområde skal ha låg terskel, men skal likevel vurderast i kvart høve. MD har i seinare klageavgjerd, mellom anna av 13.06.2013, understreka at rovviltforliket ikkje skal forstås som null-toleranse for rovvilt i beiteprioriterte område. Prioriterte beiteområde er på same vis som landet elles omfatta av kvoteavgrensa felling av omsyn til rovviltbestandane. Både rovviltnemnda og næringa har seinast på møte i mai slutta opp om prinsippet om kvoteavgrensa felling for gaupe og jerv.

Vi meiner rovviltforliket er samanfatta og balansert framstilt slik det er i utkastet.

Kap 4.

Innspel

Fellesuttalen og FMSF etterlyser oppdaterte tal. Fellesuttalen vil ta ut noko tekst på s. 11 og 12 som dei meiner er litt spekulativ. FMVA meiner det er vanskeleg å snakke om å sikre små bestandar og overleving når dette er felles nordiske bestandar. Modellane er kompliserte og varierar mellom artar.

Kommentar frå sekretariatet

Teksten blir oppdatert med siste nytt. Vi ser det ikkje som praktisk gjennomførbart å gjere planen dynamisk, med årlege oppdateringar av nye tal for felling og bestandar, slik fellesuttalen foreslår. Eit alternativ er å legge fram forslag om betre regionvise oppdateringar for Rovdata.

Vi kan ikkje sjå at det ligg tekst her som har spekulativt innhald. Tvert i mot er den delen som fellesuttalen og FMVA vil ta ut viktig faktainformasjon om føresetnader for rovviltbestandane i Noreg og teoretiske utgangspunkt for fastsetting av nasjonale mål.

Kap 5.

Innspel

FMVA og fellesuttalen etterlyser oversikt over kor det blir beita.

Fellesuttalen og Mattilsynet meiner begge at delar av omtalen av dyrevernlova er prega av unødig ”synsing”. Begge uttalane går inn for å ta ut dei to siste avsnitta under kap 5.3, og i alle høve denne formuleringa: *Samfunnet ønsker levedyktige bestandar av rovvilt og det blir truleg ei aukande fokus på dyrevern i framtida.*

Mattilsynet meiner det er ein del formuleringar i kapitla 4 og 5 som ikkje er i samsvar med de politiske føringane i stortingsvedtaket.

Fellesuttalen meiner kap 5.4, om biologisk mangfald, er ubalansert ved at teksten nesten utelukkande peiker på dei positive sidene ved rovvilt i høve til biologisk mangfald.

Kommentar frå sekretariatet

Beitekart med oversikt over beiteområde for OBB og tal sau pr arealeining er lagt inn i planen.

Heile del 1 er skildring av relevant bakgrunnskunnskap, og skal ikkje formidle rovviltnemnda sin politikk. Den kjem til syne i del 2. Delkapittelet om dyrevernlova er tenkt som ein kort og generell gjennomgang av problematikken i skjæringspunktet mot rovviltforvaltning, uavhengig av regionar. Teksten er ikkje synsingar frå vår side, men eit forsøk på beskriving av problemområdet i kortform, inkludert utbrette haldningar i dagens samfunn.

Mattilsynet er fagmynde på dette området, og vi tar gjerne mot innvendingar mot- eller viktige tillegg til tekstutkastet. Det har vi fått, men vi kan ikkje finna tilsvarande dyrevernfaglege argument for dei. Vi etterlyser og ei konkretisering av kva delar av teksten i kapitla 4 og 5 som ikkje er i samsvar med dei politiske føringane.

Vi meiner at omtalen av biologisk mangfald allereie er balansert, og vi har og tatt omsyn til kravet om at teksten skal vere så kort som råd.

Kap 6.

FMVA og fellesuttalen saknar breiare omtale av interkommunale skadefellingslag.

Kommentar frå sekretariatet

Vi er samde om at dette er eit verkemiddel som bør omtalast særskilt i eige underkapittel.

Kap 8.Innspel

Hjelmeland kommune ønsker at det blir sett eit øvre bestandsmål for kongeørn.

Kommentar frå sekretariatet

Regelverket gjev ikkje opning for å fastsette delmål, eller verkemiddel for regulering av kongeørnbestand.

Innspel

Region 3 meiner delar av kap 8.2 er svært upresist, mellom anna er påstanden om at regionen har problem med å fylle bestandsmålet for jerv feil. Planen bør sjå på heile problemstillinga for den sør-norske delbestanden i staden for å fokusere på berre grenseområda mot region 3.

Kommentar frå sekretariatet

Setning om problem med å fylle bestandsmål i region 3 er tatt ut.

Kap 11.Innspel

Fleire uttalar ber om at interkommunale skadefellingslag får breiare plass i planen. Fellesuttalen meiner at dersom det framleis er jerv, bjørn og ulv i regionen etter lisensfelling er avslutta skal det sendast brev til DN med krav om ekstraordinært uttak.

Kommentar frå sekretariatet

Lagt til nytt avsnitt 11.1.3 om bruk av skadefellingslag. Føremål er å klårgjere fellingslaga sine økonomiske føresetnader, krav til kompetanse og lokal forankring.

Også forslag om nytt avsnitt 11.3.4 om ekstraordinær felling: ”Leiar og nestleiar av nemnda har mandat til å gje innspel til DN om behov for ekstraordinære uttak på vegne av nemnda. Med mindre bestandsituasjonen er endra sidan august året før vil restkvotar etter lisensfellingsperioden vere eit utgangspunkt for behov for ekstraordinære uttak.”

Innspel

NJFF-Vest-Agder ber om at nemnda tar opp spørsmålet om kvotefri lisensfelling på ulv, alternativt arbeider for ei utvida fellingstid ut april. NJFF-Sogn og Fjordane meiner bruk av motorkjørety bør tillastast for tilsyn av bås og åte i lisensfelling av jerv, og at jakttida for store rovdyr bør tilpassast jakttid for hjorteivilt.

Kommentar frå sekretariatet

Vi vil ikkje rå nemnda til å ta inn i planen arbeidsmål som fell utanom vedteken rovviltpolitikk, som til dømes endra jakttider. Nemnda har nettopp handsama eit innspel om kvotefri felling av jerv og gaupe. Nemnda vedtok å ikkje gå inn for det no. Bruk av motorkjørety i samband med lisensfelling er ikkje tillatt etter lov om bruk av motorkjørety i utmark.

Kap 12.

Innspel

Rovviltnemnda region 2 saknar presisering av behovet for samarbeid på tvers av regiongrensane ved vurdering av skade- og lisensfelling. Særleg gjeld det ulv i grenseområda mellom regionane 1 og 2.

Kommentar frå sekretariatet

Vi har presisert samarbeidsbehovet ytterligare i kap 12.2 og 12.3.

Anders Braa

for sekretariatet